

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

**Ikkje publiser
IP**

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato:

20/16260-21

26.05.2024

Referat frå møtet i Samarbeidsutvalet 23.05.2024

Møte nr.	3
Møtedato/tid:	23.05.2024 klokka 18.00
Stad:	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
Til stades:	Jimmy Håkonsund, leiar FAU Jannicke Høyland, nestleiar FAU Ruben Havik, politisk representant Aksel Kalgraff Håkonsund, leiar elevrådet Helena Håkonsund, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor Møtte ikkje: Solveig Ulvøen, nestleiar elevrådet

SAKSLISTE

18/23-24	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkallinga og sakslista blei godkjent
19/23-24	Oppfølging av saker frå sist møte Utanomhusplanen: Det blir nokre endringar på planen grunna ein lysstolpe som er vanskeleg å flytta på. Basketballbanen blir difor liggjande lengre inn på banen. Det blir også eit klatretårn i staden for karuselldisser. Arkitekten har teikna nye teikningar, og det skal no ut på anbod. Mest sannsynleg oppstart i august/september. SU stiller spørsmål til kvifor element er tatt vekk frå planen som no blir sendt på anbod. Dette er noko arkitekt og prosjektleiar er einige om, men det ligg likevel som pri 2 i prosjektet. Budsjett- og rekneskapsarbeidet til elevrådet.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME**Postadresse**
Ternholmvegen 2
5337 RONG**Kontonummer**
1506.24.29981
Organisasjonsnummer
922 53 0890**E post**
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

	<p>Dette er ikkje gjort noko med sidan sist. Framleis ei oppmoding til elevrådet om å få kontroll på dette.</p>
20/23-24	<p>Informasjon frå elevrådsleiar Sommarballet er i planleggingsfasen. Elevrådet ønskjer å få ein DJ, eit overraskingsband, luftgeværskyting, lykkehjul, dart osv. SU-leiar meiner det skal gå fint å få vakter til dette.</p>
21/23-24	<p>Informasjon frå FAU FAU har laga ulike grupper.</p> <p>Den eine gruppa handlar om trygg skuleveg. Det har vore to møte i gruppa som består av både FAU frå Stranda og ungdomsskulen, Strandatunet bygdelag, Forland grendalag, Stranda ungdomslag, Steinsland ungdomsklubb, SU Stranda barnehage. Namn på organisasjonen: Trafikksikker Stranda krins.</p> <p>Ei anna gruppe har sett på rutinene til FAU, og dei er no blitt skrivne ned.</p> <p>Ei gruppe har sett nærare på sosiale medier. Dei har undersøkt kva Barnevakten kan tilby. Dette er gratis for ungdomsskulane, og tanken er å ha møte for foreldra og elevane til hausten.</p> <p>Ei sponsorgruppe skal jobba med å skaffa ulikt utstyr. Dei har fått ei liste over ting me har bruk for og ønskjer oss.</p> <p>Det er planar om at ein skal danna eit Kommunalt foreldreutval. Skal vera ein høyringsinstans på linje med Eldreråd og Ungdomsråd.</p>
22/23-24	<p>Informasjon frå rektor Sidan sist har det skjedd ein del kjekke ting på skulen. Ein elev i niande blei trekt ut til å få draumen sin oppfylt av MOT Vestland, så han og klassen skal på Brann stadion 29.05 og sjå Brann - Kristiansund. Der skal dei få sitja i Hjerter-losjen og få servert pizza og is.</p> <p>Ein niande klasse hos oss har hatt eit samarbeid med Runo Isaksen, ein forfattar som har skrive boka «Kongen av Sotra». Det er fleire klassar i Øygarden kommune som har jobba med dette prosjektet og 8. mai var det premiefest i kulturalen, og då var tre av filmene som blei vist frå SUS, og me vann både førsteplassen og fekk heiderleg omtale for beste manus og morosamste film. Veldig kjekt.</p> <p>Den same klassen har også meldt seg som kritikarklassen til U-prisen. Dei er blitt plukka ut som ein av berre to klassar i Vestland til å vera med på dette, så det er me veldig nøgd med..</p> <p>I dag, torsdag 23.05, har me hatt eit bytte av elevar med barneskulane. Våre tiandeklassingar har vore tilbake på ungdomsskulane dei har gått på, og der har dei vore med på aktivitetsdagar, i klassar og på SFO. Me har fått skrytemelding frå våre tilsette som har vore med, der dei framhevar kor kjekke og snille elevane har vore, og kor godt dei har representert skulen vår. Hos oss har alle dei nye åttandeklassingane vore</p>

	<p>på sitt første besøk, og dei har blitt vist rundt av dei unge MOTivatorane våre, og deltatt i mange ulike aktivitetar. Det har vore ein veldig kjekk dag og me kunne nok ikkje ha vore heldigare med veret.</p> <p>Elles har Telavåg eigedom starta rivinga av barakka og skal byggja opp att klasserom til oss. Det vil bli lagt inn kommunenett slik at me kan nytta CB-ane våre der også. Me er i full gong med å planlegga ulike aktivitetar som kan skje der nede. Noko skal basen bruka, noko elevar som treng ein annan skulekvardag nokre timar i veka slik at dei klarar resten av veka og resten er det alle klassane.</p> <p>Til neste år har me tilsett seks nye lærarar i vikariat.. Det blir både spennande og kjekt med dei nye tilsette.</p> <p>Me kjem til å kjøpa nye naturfagbøker til hausten til alle trinna.</p> <p>Me har to satsingsområde neste år. Det er lærarlag og meir temabasert undervisning. Med lærarlag meiner me at det skal vera nokre lærarar som har ansvar for to til tre klassar, slik at ein får to lag på kvart trinn. På den måten ønskjer me å gjera skulekvardagen tryggare for elevane.</p> <p>Skuletur til neste år blir i starten av september, i veke 36. Destinasjonen er Solgry i Sveio. Her er det plass til 99 overnattingsgjestar. Det er 23 rom der med eige bad på alle. Det er også mange aktivitetar der, til dømes kano, minigolf, fotball, sandvolleyball, bading m.m. To rundar med gokart per person er også inkludert. Ein skal besøka krigsmuseumet Arquebus samt båten Hitra på vegen.</p>
23/23-24	<p>Sommarballet og Vitnemålsutdelinga Sommarballet blir torsdag 06.06. Treng vakter. Vitnemålsutdelinga blir onsdag 19.06. Me må ha eit møte i forkant. Rektor kallar inn til møte 04.06 klokka 18.00.</p>
24/23-24	<p>Eventuelt Trafikksikringsgruppa ønskjer at elevane våre kan bidra med innspel/produkt til gruppa (slagord, lesarinnleg, filminnslag). Dette kan me få til frå hausten av. Skulen set pris på initiativet for me ønskjer å få til fleire oppgåver der elevane ser at det dei gjer heng saman med livet utanfor skulen. Me tenkjer at det kan vera både engasjerande og motiverande for dei.</p>
25/23-24	<p>Saker som skal følgjast opp Elevrådet og økonomien må følgjast opp. Kan det vera slik at elevane kan søkja på jobben i kiosken? Jimmy skal få lagt til den vaksne som har elevrådet som disponent på kontoen til elevrådet.</p>

Med helsing

Anne Hufthammer
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

